

Årsmelding for Hyen IL 2024



INNHALD:

• SAKLISTE FOR ÅRSMØTET	1
• TILLITSVALDE 2024	2
• ÅRSMELDING FRÅ STYRET	3
• ÅRSMELDING FRÅ IDRETTSSKULEN	4
• ÅRSMELDING FRÅ TRIMGRUPPA	5
• ÅRSMELDING FRÅ FOTBALLGRUPPA	6
• ÅRSMELDING FRÅ SKIGRUPPA	7
• ÅRSMELDING FRÅ FRIIDRETTSGRUPPA	8
• ÅRSMELDING FRÅ SPINN-GYM-GRUPPA	9
• ÅRSMELDING FRÅ HANDBALLGRUPPA	10



Kapittel 1

SAKLISTE ÅRSMØTE HYEN IDRETTSLAG 2024

Årsmøtet for Hyen Idrettslag blir torsdag 27. februar 2025 kl. 19.30
i Hyen Samfunnshus

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereglar
3. Val av møteleiar, referent, og to personar til å underskrive møteprotokoll
4. Godkjenning av årsmelding frå styret og gruppene
5. Godkjenning av rekneskap
6. Drøfte medlemskontingent for 2026 og treningsavgift
7. Budsjett for 2025
8. Saker frå styret og medlemmane
 - 8.1 Store investeringar framover, lysanlegget på Høgdene
9. Val
10. Eventuelt.

Kapittel 2

Tillitsvalde i Hyen Idrettslag 2024

ARBEIDSUTVAL		Årstal valde inn i gruppa		På val
Hanna Ommedal Aa	leiar	2015		2025
Marit Straume	nestleiar	2014		2026
Alf Erik Røyrvik	kasserar	2022		2026
Ragnhild Vårdal	idrettsskulen	2020		2026
Jens Robert Hope	vara	2024		2025
FRIIDRETTSGRUPPA				
Even Rønnekleiv	leiar	2018		2026
Hilde Aa		2008		
Gry Therese Nesse		2017		
Marius Rygg		2016		
SKIGRUPPA				
Anne Berit Selle	leiar	2016		2025
Geir Kjetil Aa Hope		2017		
Olav Marius Aa, løypeansvarleg Dalheim		2024		
Erik Ommedal, løypeansvarleg Høgdene		2016		
FOTBALLGRUPPA				
Anders Ommedal	leiar	2022		2025
Åsmund Ommedal		2008		
Ola Alexander Lilloe-Olsen	oppmann sn	2022		
Øyvind Magnus Solheim		2024		
SPINN-GYM GRUPPA				
Ida Kristine Eikenes	leiar	2023		2026
Andreas Ommedal Aa		2023		
Ida Sofie Gjesdal		2024		
Eirik Rønnekleiv		2024		
Anne Hjorteset (spinning)	nestleiar	2021		
HANDBALLGRUPPA				
Synne Marie Oppheim	leiar	2021		2025
Magni Aa Berge		2022		
Inger-Mari Akse		2022		

TRIMGRUPPA

Kirsti Meyer Hope	leiar	Lenge	2026
Judit Aa		Lenge	
Anton Aa		Lenge	
Jakob Rønnekleiv		Lenge	
Alf Erik Røyrvik		2018	
Jan Arve Heimsæter		2014	

IDRETTSSKULEN

Ragnhild Vårdal	leiar	2020	2026
Lukasz Rogalewski		2020	
Inger Mari Akse		2016	

KONTROLLUTVAL

Solbjørg Holme Moen	leiar		2025
Ole Matias Aa			2025

UTSENDINGAR TIL ÅRSMØTET I GLOPPEN IDRETTSRÅD

Hanna Ommedal Aa	leiar
Alf Erik Røyrvik	kasserar
Marit Straume	nestleiar
Ragnhild Vårdal	styremedlem

REPRESENTANTAR TIL ÅRSMØTET I HYEN SAMFUNNSHUS

Hyen IL stiller med tre representantar. Sidan alle i styret i HIL også sit i styret i Hyen Samfunnshus, får styret i HIL mandat til å finne sine egne vararepresentantar

VALNEMND

Anne Kristin Eimhjellen	2022
Margrethe Beate Mjellem	2023
Arne Kåre Rønnekleiv Holme	2024

Kapittel 3 Årsmelding frå styret

2024 har vore eit år der vi i styret for Hyen Idrettslag har hatt mykje fokus på skianlegget på Høgdenene. Dette er eit anlegg som no etter om lag 40 års bruk bær preg av alder. Bygningane på Høgdenene, klubbhuset og smørjebua, var begge målingsslitne. Sommar og haust 2024 vart det difor invitert inn til dugnad der vi rydda kratt, skrapa, grunna og måla begge bygga utvendig i ny farge. Vi er ikkje heilt i mål med jobben utvendig, så her gjenstår det også å få skifta kledning på to veggar på klubbhuset samt å få skifta tak på dette bygget og få lagt på torvtak på smørjebua. I 2025 held arbeidet med å rehabilitere klubbhuset innvendig fram. Tusen takk til alle dykk som stiller på dugnadar 😊



I desember 2024 fekk vi ei svært gledeleg julegåve då vi fekk melding frå Aud og Olav Hjorteset sin alminnelege stiftelse (AOH) om at vi hadde fått 300.000 kroner i støtte til oppgradering av bygningsmassane på Høgdenene. Dette er ei fantastisk gåve, tusen takk!

I 2024 vart det oppretta ei tilskotsordning som heiter Straumsmarte lysanlegg. Her søkte HIL om støtte til å skifte ut lysarmaturane til Led på Høgdenene, og fekk innvilga vel 145.000 kroner frå Sparebankstiftinga. Det er henta inn pristilbod på å skifte lysarmaturane.

Kostnader, utskifting av lysarmaturar, Høgdenene Skianlegg					
Kostnadstype	Skildring	Kjøp varer og tenester	MVA på varer og tenester	Dugnadsverdi	Sum
Elektroinstallasjonar	Nye LED-armaturar Glamoq O52-340LED 5000 HfM740WBA	kr 336 000,00	kr 84 000,00	kr -	kr 420 000,00
Elektroinstallasjonar	Arbeid med utskifting av LED-armaturar	kr 19 750,00	kr 4 938,00	kr 106 650,00	kr 131 338,00
Elektroinstallasjonar	Nytt styreskåp på påle med kurs for skihus	kr 60 000,00	kr 15 000,00	kr -	kr 75 000,00
Elektroinstallasjonar	Arbeid montering av styreskåp og kopling	kr 7 900,00	kr 1 975,00	kr 3 950,00	kr 13 825,00
Anna	Liftelege for tilgang armaturar	kr 28 000,00	kr 7 000,00	kr -	kr 35 000,00
Elektroinstallasjonar	Ombygging av sikringsskåp til automatsikringar	kr 15 000,00	kr 3 750,00	kr -	kr 18 750,00
Administrasjonskostnad	5 % påslag på totalen, dugnad			kr 38 008,00	kr 38 008,00
Anna	Utskifting / betre fundamentering av stolpar	kr 53 000,00	kr 13 250,00	kr -	kr 66 250,00
Sum		kr 519 650,00	kr 129 913,00	kr 148 608,00	kr 798 171,00

Finansieringsplan, rehabilitering av lysanlegget Høgdene Skianlegg		
Dugnadsinnsats	kr	148 608,00
Spelemiddelsøknad	kr	266 000,00
Straumsmarte lysanlegg	kr	145 828,00
Eigenkapital	kr	237 735,00
Sum	kr	798 171,00

Total kostnad for å rehabilitere sjølve lysanlegget i skianlegget kjem på om lag 800.000 kroner inkludert estimert dugnadsinnsats og MVA. Det er også søkt om spelemidler for oppgradering av lysanlegget (2. året). Vi i styret ønskjer å ta opp til diskusjon om det er rett pengebruk å bruke så mange hundre tusen kroner på eit lysanlegg. Dei siste vintrane har snøforholda vore skiftande og sparsommelege. I tillegg ser vi at det vert stadig færre som brukar langrennsskia flittig. Dette blir difor eit tema som vert teke opp på årsmøtet.

Styremøte

I 2024 hadde vi 5 ordinære styremøte der heile styret har vore samla. I tillegg har vi hatt mykje kommunikasjon internt via vår eiga messenger-gruppe. Vi har også hatt to styremøte der samtlege gruppeleiarar vart innkalla.

I tillegg har styret også vore samla ved enkelte praktiske oppgåver i samband med dugnadar på Høgdene, ulike arrangement som påskelaurdag, grilling under sesongavslutninga for fotballaget og under Friluftshelga.

Aktivitet

Vi viser her til gruppene sine eigne årsmeldingar seinare i den samla årsmeldinga.

Av nye «påfunn» frå styret i år, så arrangerte vi «Påskelaurdag» 30. mars. Veret inviterte ikkje til skiaktivitet, så då ønskte vi å lage eit tilbod for både fastbuande og påskegjestar. Det var tilgang til basseng og gymsal, og på Møteplassen laga vi til kafe. Det var påmelding til påskeeggjakt rundt om på Holmen og på Åsen. Vi hadde godt oppmøte, og vi håpar både små og store kosa seg. Takk til dei som baka kaker og bollar, var bassengvakt og hjelpte oss med å pakke inn og gøyme heile 60 påskeegg! Friluftshelgveka var prega av delvis dårleg ver, så i år vart Olsokløpet avlyst. På torsdagen vart det derimot reprise av fjorårets fjellturar og på fredag var det internoppgjer mellom vestre og austre Hyen der vi hadde sal av grillmat og vafler «slik det pla». Dette året gjekk sigeren til Austredalen.

Idrettsstipendet

Fotballaget i 6. divisjon hadde ein god sesong, og Idrettsstipendet 2024 gjekk til ein av spelarane. Her er grunngjevinga for prisen:

«Idrettsstipend 2024 HYEN IL

Årets kandidat debuterte for Hyen sitt seniorlag i 6. divisjon berre 14 år gamal i 2018. I ein slik alder har dei aller fleste sjølv sagt mykje å gå på når det gjeld å ta nivået i seniorfotball.

Nøkkelen for å lykkast er tolmod, pågangsmot og treningsvilje.

Alle disse punkta har kandidaten utmerka seg på. Til trass for at det har vore avgrensa speletid i ein del kampar gjennom åra, så har han alltid stått på.

Der andre kanskje hadde blitt sure og gjeve opp i ein slik situasjon, så har han stilt opp, tatt initiativ og verkeleg stått fram som eit godt eksempel for lagkameratane. Treningsoppmøtet hans er bortimot 100 % dei siste sesongane og han har stadig minna trenarteamet på at vi må ha fleire treningar. Dette er ein HIL-gut i våre hjarte! Spesielt har vi også merka oss lojaliteten han har vist ovanfor laget, noko som ikkje er ei sjølvfølgje i hans situasjon. Seks år etter debuten og i ein alder av berre 20 år, er han no ein etablert forsvarsspelar. Han har vore fast på laget sjølv når ein har hatt ein tropp på 20 mann og kunne velje blant alle dei beste. På laget har han gjennom sesongen gjort høgrebacken til sin plass, men han har absolutt potensiale til å bli ein leiartype i midtforsvaret. Han imponerte spesielt i 2024 då han spelte mot ein av dei beste spissane i fjerde divisjon. Her hadde han full kontroll og bidrog til at Hyen heldt nullen og vann 4-0 mot Eid2! Denne blide og positive ommedølingen har vore ein sentral bidragsytar til at Hyen i 2024 gjorde sin beste fotballsesong nokon gong og sikra seg seriemeisterskap, moglegheita for opprykk til 5. divisjon og KM-finale. Årets idrettsstipend 2024 går til Kristoffer Sårheim Ommedal!»

DGI Verdensholdet

Hyen var heldige som på ny fekk besøk av DGI Verdensholdet 24. juni. Det var stor suksess med workshop og show i Hyen i 2022. Arbeidsgruppa i kommunen tok kontakt når DGI kom tilbake til Gloppen og ville legge ein plan for workshop i samarbeid med idrettslaget. I dialog med lokale krefter vart opphaldet i Hyen utvida til workshop, fridag med fritidsaktivitetar for dei danske turnarane og stor slått show på Kleppenes gard.

Tilbakemelding frå utøvarane, arbeidsgruppa og alle som deltok på show var at dette var ei unik oppleving, og viser oss kva vi kan få til når vi samarbeider for å vise kva Hyen har å tilby. Tusen takk til alle som deltok!





Gymsal og basseng

Aktiviteten i gymbygget går sin gang om lag som føregående år. Som tidlegare varierer tal deltakarar på dei ulike treningane, men jamnt over er det bra oppmøte. I gymsalen er det «måndagstrening» (utetrening og styrkedel inne), frisk og stødig-trening for dei godt vaksne, dame- og gubbetrim (gymsal / vektrom / basseng), basisball, zumba, idrettskule, handballtreningar, styrketrening på fredagar og ballidrett på laurdag. Vi er heldige å ha vatn i bassenget om lag seks månader i året, så i dei månadane dette er ope er det også tilbod om symjing.

Vektrom og spinning

Desse aktivitetane er vel kanskje dei mest populære tilboda vi har i idrettslaget. I 2024 var det omlag 150 medlemmer som betalte treningsavgift for vektrommet. For å gå på spinning treng ein kun å betale den årlege medlemskontingenten i idrettslaget, medan ein i tillegg må betale ei treningsavgift for å nytte vektrommet. Denne treningsavgifta er for ungdomsskuleelevar og fram til og med 16 år kr 200, og for alle frå og med det året dei fyller 17 år er treningsavgifta på kr 500 årleg.

Viss ein ønskjer å bruke desse tilboda utan å vere medlem / ha betalt treningsavgift, kan ein vippse 50 kr per gang til Hyen idrettslag (oppslag på døra inn til vektrommet og til spinningrommet).

Det er viktig at medlemmane brukar bookingsystemet for vektrommet og at ein ryddar opp etter seg. Her er dei aller fleste veldig flinke, medan nokre har noko forbedringspotensiale.

Idrettsbasaren

Søndag den 10. november var det igjen klart for den viktigaste dagen i året for idrettslaget, nemlig Idrettsbasaren. Basaren vart gjennomført etter vanleg oppskrift, og som tidlegare år fekk HIL flotte premiar både til hovudgevinstar, åresal, tombola og tippekonkurransar frå gåvmilde firma og privatpersonar. Tusen takk! Som i fjor hadde vi også digital loddbok på hovudgevinstane. Årets idrettsbasar gav eit svært godt resultat som toppa rekordåret i fjor. Basaren gav eit overskott på ca 120.000 kr! Tusen takk til alle som hjelpste til under basaren, til alle som støtta oss med store og mindre gevinstar, baka kaker og ikkje minst opna lommeboka.

Årsrekneskap

Vi har ein god og kontrollert økonomi i idrettslaget. Den vanlege drifta går med overskott, mykje takka vere idrettsbasar og sponsorar. Vi byggjer opp eigenkapital til ulike investeringar framover.

Medlemstal

Vi er svært takksame for alle som ønskjer å vere medlemmer i idrettslaget, enten ein er aktive eller passive. Vi ønskjer å påpeike at alle som deltek på aktivitetar i regi av idrettslaget SKAL vere medlemmar i HIL.

Dette skuldast at forsikringa ved skade og ulykke KUN gjeld for registrerte medlemmar. Ta kontakt med ein av oss i styret om du synest det er vanskeleg å melde deg inn.

Lenke til innmelding i Hyen Idrettslag: <https://medlemskap.nif.no/25788>

Oversikt over registrerte medlemmer:

	0-5 år	6-12 år	13-19 år	20-25 år	26 år og eldre	Totalt
Kvinner	3	13	16	13	102	147
Menn	4	14	24	27	156	225
Totalt	7	27	40	40	258	372

Medlemsutviklinga:

	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Totalt	273	301	315	312	344	372

Sponsorane våre

Hyen idrettslag inngjekk i november 2023 ei samarbeidsavtale med Intersport Sandane AS. Denne gjev idrettslaget 3 % av salssummen i sponsormidlar når medlemmane våre nyttar Intersport-appen i butikken. Det er viktig at medlemmane våre nyttar seg av denne når dei handlar her; både for å få rabatt sjølve, men også for at idrettslaget skal få støtte.

I tillegg til dei faste sponsorane våre, så har AOH-stiftelsen gitt Idrettsstipendet i mange år. I 2024 fekk vi ei fantastisk støtte til oppgraderinga av bygningane på Høgdene, og fotballgruppa har fått støtte til ny ballbinge.

Sponsorane er svært viktige for økonomien i eit så lite idrettslag, så på vegne av Hyen Idrettslag ønskjer vi å seie tusen hjarteleg takk til dykk som sponsor oss!



Kapittel 4 Årsmelding frå idrettskulen


I 2024 har idrettskulen gått som vanleg. Vi har brukt foreldre som instruktører som før, men brukte mykje dei same foreldra. Det har vore ein fantastisk innsats for dei som har stilt opp, men vi kan ikkje bruke dei opp. Derfor har vi endra litt på oppsettet denne haustsesongen og alle foreldra har fått vakter for å dele det utover på alle. Dette har fungert bra, dei er både instruktører og badevakter.

No er inndelinga: 5 år til 3.klasse, 4.klasse og til 7.klasse. Det er 13 på smågruppa og 16 på storegruppa. Kjekke grupper og kjekke foreldre som stiller på!

Vi har eit forsøk på samarbeid med skigruppa som vi pleier, men veiret spelar ikkje på lag til å gå kun på ski. Men vi held fram med forsøka 😊

Kapittel 5 Årsmelding frå Trimgruppa 2024

Medlem i gruppa: Jakob Rønnekleiv, Anton Aa, Alf Erik Røyrvik, Jan Arve Heimsæter, Judit Aa og Kirsti Meyer Hope.



2024 har vore prega av god aktivitet i Gymbygget. Det har også vore god oppslutning om utandørsarrangementa og trimturane i sommarhalvåret. Vinteraktiviteten har vore noko

mindre.

Mykje takka vere ustabile snø- og
verforhold.





Vår/sommar

Vi gjennomførte 6 fellesturar på forsommaren med bra frammøte. Veret var varierende, men alt i alt hadde vi nokre flotte turar. Vi har satsa på at turane ikkje skal vere alt for krevjande, og at dei ikkje skulle ta meir enn to timar. Elles er det mange registreringar i Trimbøkene. Her er det også ein del variasjon, men inntrykket er at det er mange som nyttar seg av den flotte naturen vi har rundt oss. Trimgruppa var og med på gjennomføringa av turane i samband med friluftshelga.



Det har vore Trimpostar på følgjande stadar:

Solheimstøylen, Utigardstøylen og Gamlestøylen (Eimhjellen), Røyrvikstøylen, Lavesteinen (Hope), Holsstøylen, Mjellemstøylen, Kannarhøgjen (Aastøylen) og Bleikeggja (Rønnekleiv),

Det var flest registreringar på Solheimstøylen med 276 registreringar!

Gymbygget

Det har vore god oppslutning om treningane i gymbygget. Vi har tilbod om dame- og herretrim i gymsal, vektrom og basseng. Det er også eit tilbod om basisball før dametrimmen på tysdagar og styrke/sirkeltrening på fredagar.

Sterk og stødig

Elles held vi fram med Sterk og Stødig, eit tilbod om styrke- og balanse-trening for «godt vaksne». Det har vore populært, så kvar måndag kl. 15.00 blir gymsalen fylt opp av treningsivrige folk i eit aldersspenn frå slutten av 60 åra til nærmare 90!! (Frammøterekord: 38 stk!)



Kapittel 6 ÅRSMELDING FRÅ FOTBALLGRUPPA

Kongleriket Miniputt turnering 2024



I 2024 deltok både små og store miniputtar frå Hyen i Kongleriket Miniputt-turneringa. På Breim 26. mai stilte Hyen med eit gutelag for 9-åringar (5v5), eit gutelag for 7-åringar (3v3) og eit jentelag for 7-åringar (3v3). Seinare, den 1. september på Sandane, stilte Hyen med to gutelag for 7-åringar (3v3).

Hyarane viste god lagånd og innsats, og dei utstrålte stor idrettsglede gjennom heile turneringa.



Hyen senior 2024



Hyen sitt A-lag i 6. divisjon var klare for ei ny og spennande sesong. Eit av høgdepunkta var dei nye heime- og bortedraktene, og med ein sterk og solid stall i 2024, var

ambisjonane klare:

Hyen skulle vere med i opprykkskampen.

Denne sesongen spela vi i ei Nordfjord-avdeling med 9 lag, som gav oss totalt 16 seriekampar. Etter mange gode treningar

og nokre treningskampar, var vi klare for sesongstart 23. april, borte mot Stryn 2.

Sesongen starta forrykande då Hyen leia 4–0 borte mot Stryn 2, men på grunn av skadar og slitne bein enda kampen med 4–4. Neste kamp var heime mot Loen/Vikane, og her enda det med eit surt 1–3-tap. Den dårlege starten på sesongen var eit stort nederlag, og skuffelsen i garderoben var stor. Men frå denne kampen og utover sesongen, reiste laget seg, og vi



Brødrene brothers Straume fixa poeng for Hyen borte mot Selje i dag! Eldstemann Torleiv banas beste med strafferedning! Nest eldste Jakob med klassescoring, tredjemann Per Inge sprong til krampa tok han og yngstemann Torstein med oult kort! 🥳👏💙



kunne spele inn sterke resultat både heime og borte. Brødrene Straume var sentrale i lagets framgang og bidrog sterkt med eit viktig poeng borte mot Selje.

Vi avslutta serien med 2–2 borte mot Stadlandet 8. oktober. Med 34 poeng på tabellen var vi avdelingsvinnarar og kvalifiserte oss til sluttspillet om opprykk. Haugen Fotball følgde denne kampen, og bileta frå kampen var eit tydeleg uttrykk for ekte fotballglede.



Den 20. oktober spelte Hyen første kamp mot Tambarskjelvar heime. Med siger i begge kampane ville vi sikre oss opprykk til 5. divisjon og ein plass i KM-finalen i 6. divisjon 2024. Desverre enda første kamp med eit 2–4-tap, noko som gav eit dårleg utgangspunkt for returoppgjeret. 23. oktober reiste Hyarane til Naustdal, vel vitande om at vi måtte vinne med 3 mål for å gå vidare. Laget gav alt, og etter ein solid innsats vann vi 0–3, og tok dermed sigeren 5–4 totalt.



27. oktober var det klart for KM-finale i 6. divisjon mot Balestrand/Fjæra 2 i Skeihallen. Sjølv om vi kjempa hardt, enda kampen med 0–4 tap. Men sjølv om vi ikkje nådde heile vegen fram, nådde vi vårt mål: vi vart avdelingsvinnarar i 6. divisjon og kvalifiserte oss for opprykk til 5. divisjon. Gratulasjonar til alle spelarane og trenarane for ein god sesong.

Fram mot sesongen 2025 takkar vi av vår hovudtrenar, Ola Alexander Lilloe-Olsen. Han har vore ein viktig skikkelse for laget sidan 2018 og har spelt ei sentral rolle i å skape fotballglede i bygda. Vi takkar også Ole Erik Sunde for hans innsats som hjelpetrenar dei siste sesongane.

I 2024-sesongen har vi hatt ein fantastisk spelargruppe, med 29 ulike spelarar som har deltatt i kampane. Det har vore ein fin blanding av unge, framstormande talent og erfarne spelarar, noko som har gitt laget ei god balanse. Trenarteamet for sesongen var

beståande av Anders Ommedal, Øyvind M. Solheim, Åsmund Ommedal og Ola Alexander Lilloe-Olsen.

Engasjementet rundt laget er stort, både blant publikum og spelarar. Vi er stolte av å kunne tilby fotball i bygda som eit viktig samlingspunkt og eit sterkt sosialt fellesskap. Takk til alle som har bidratt til dette – trenarar, spelarar og publikum.

Etter ein grundig gjennomgang av situasjonen valde Hyen å takke nei til opprykk til 5. divisjon. Avgjerda blei tatt etter å ha vurdert utfordringane knytt til reiseavstandar, kampdagar, endringar i laget og behovet for å sette saman eit nytt trenarapparat. For sesongen 2025 er det nye trenarteamet på plass: Ole Jakob Mjellem, Jakob Straume og Kristoffer Sårheim Ommedal. Dei vil ta ansvar for ei ung spelargruppe, som vil ha nokre utskiftingar frå laget i 2024. Vi ynskje dei lykke til for sesongen 2025

Friluftshelga

I friluftshelga var det i år også ein intern kamp mellom vestre og austre dalen, med mange mål og god stemning. Det var mykje folk langs løpebana og ei flott ramme rundt kampen. Takk til alle som stilte opp!



Statistikk Hyen A-lag sesongen 2024

Plass	Lag	Kamper	Total				Poeng
			V	U	T	Mål	
1	Hyen	16	10	4	2	52 - 35	34
2	Selje	16	10	3	3	48 - 33	33
3	Stryn 2	16	9	4	3	62 - 34	31
4	Måløy 2	16	8	2	6	53 - 37	26
5	Loen/Vikane	16	7	3	6	45 - 51	24
6	Eid 2	16	6	2	8	46 - 44	20
7	Haugen	16	4	2	10	28 - 54	14
8	Stadlandet	16	3	2	11	31 - 61	11
9	Hornindal	16	1	6	9	19 - 35	9

Runde	Dato	Heimelag	Resultat	Bortelag
1	23.04.2024	Stryn 2	4 - 4	Hyen
2	30.04.2024	Hyen	1 - 3	Loen/Vikane
3	07.05.2024	Eid 2	3 - 4	Hyen
4	14.05.2024	Hyen	7 - 4	Haugen
5	21.05.2024	Hornindal	2 - 4	Hyen
6	04.06.2024	Hyen	4 - 2	Måløy 2
7	11.06.2024	Selje	1 - 1	Hyen
8	18.06.2024	Hyen	4 - 1	Stadlandet
9	13.08.2024	Hyen	3 - 1	Stryn 2
10	20.08.2024	Loen/Vikane	1 - 4	Hyen
11	27.08.2024	Hyen	4 - 0	Eid 2
12	03.09.2024	Haugen	2 - 4	Hyen
13	10.09.2024	Hyen	3 - 1	Hornindal
14	24.09.2024	Måløy 2	5 - 0	Hyen
15	01.10.2024	Hyen	3 - 3	Selje
16	08.10.2024	Stadlandet	2 - 2	Hyen

KM 6 divisjon sluttspel

20.10.2024	Hyen	2 - 4	Tambarskjelvar
23.10.2024	Tambarskjelvar	0 - 3	Hyen
27.10.2024	Balestrand/Fjøra 2	4 - 0	Hyen

Årets spelar: Ole Jakob Mjellem
Årets Unge Spelar: Torstein Straume
Toppscarar: Mads Wie 12 mål
Assistkongen: Mads Wie 10 stk. og Petja Cink 10 stk.
Hilstjerna: Ole Jakob Mjellem 15 stk.
200 kampar i Hyedrakta: Øyvind Magnus Solheim
150 kampar i Hyedrakta: Ola Andreas Ommedal og Torleiv Straume
100 kampar i Hyedrakta: Vegard Moritsgård Flatjord og Per Inge Straume
50 kampar i Hyedrakta: Kristoffer Ommedal og Torstein Straume

Flest offisielle kampar

Ola Henning Ommedal 355 kampar
Åsmund Ommedal 325 kampar
Hans Otto Holme 248 kampar

Flest mål

Åsmund Ommedal 111 mål
Roger Knutsen Nordal 67 mål
Anders Ommedal 60 mål

Eldste Målscarar: Ola Henning Ommedal 48 år og 314 dagar (Haugen, Heime)

Yngste målscarar: Per Inge Straume 15 år og 103 dagar, (Vikane Borte)

Eldste spelar: Tor Larsen 53 år sesongen 1999

Yngste spelar: Jon Ivar Rønnekleiv 14 år og 207 dagar (Hornindal Borte)

Flest mål på ein sesong: Jon Bjarne Hope, 15 mål i 2002

	Kampar	HIL stj.	Assist	Mål	Total	
					Kampar	Mål
Øyvind Magnus Solheim	11	1			201	2
Anders Ommedal	6		1		187	60
Ola Andreas Ommedal	17				152	2
Torleiv Straume	19	13	1		150	13
Magne Johann Gjengedal	16	4	2	4	130	38
Ole Jakob Mjellem	19	15	2	3	126	15
Per Inge Straume	15	14	3	3	106	17
Vegard Flatjord	18	11	2	5	101	19
Nils Storsletten	2		1	2	87	4
Håkon Solheim	11	6	1	3	87	16
Jakob Straume	13		2	4	76	10
Kristoffer Ommedal	19	5	1		53	0
Torstein Straume	14	6	1		50	2
Vegard Søhol	1				47	6
Eirik Rønnekleiv	16	5	1		44	8
Nikolai Ommedal	18				44	0
Morten Ommedal	3	1			43	15
Jonas Eimhjellen	3				41	3
Olve Ommedal	9	10	3	10	35	26
Bjørn Andre Røyrvik	12			1	30	2
Magnus Mjellem	4				25	0
Jon Ivar Rønnekleiv	7				20	0
Petja Cink	11	13	10	8	19	13
Mads Wie	15	7	10	12	15	12
Ole Martin Flatjord	4		1	1	12	6
Eivind Gjermstad	7				7	0
Håkon Holme	4				5	0
Halvard Eimhjellen	3				4	0
Alfred Aa Hope	3				3	0

Kapittel 7 ÅRSMELDING FRÅ SKIGRUPPA

Skigruppa før årsmøtet 29.februar 2024:

Anne Berit Selle – leiar

Erik Ommedal – hovedansvarleg for trakkemaskin og løypekøyring

Tore Sæten (var med ut sesongen i 24)

Geir Kjetil Aa Hope

Øyvind Sæther

Skigruppa etter årsmøtet:

Anne Berit Selle – leiar

Geir Kjetil Aa Hope

Erik Ommedal – løypeansvarleg Høgdene

Olav Marius Aa – løypeansvarleg Dalheim

I tillegg til desse deltok Odd Arne Røyrvik som instruktør.

Låneordning for ski til barn

Skigruppa starta med ei utlånsordning for ski, der ein kunne låne ski for sesongen om ein ikkje har. 3 stk nytta seg av den.

Aktivitet

I samarbeid med idrettsskulen hadde vi skitrening på fotballbana 2 gonger. Det møtte opp 12-15 stk då det var dei yngste som skulle ha skitrening. Det var passeleg mykje snø, og opplegget var vellukka. Det var 8 barn der då den eldste gruppa hadde skitrening. Snøforholda var greie, men for denne aldersgruppa hadde det vore fint med litt meir utfordringar ein ei flate kunne gje.





Vi arrangerte 2 skikveldar på Høgdene. Det kom 6-7 barn og 2-5 vaksne forutan arrangørane.

10. mars arrangerte vi Skisportens dag på Høgdene, med bålpanne, nydeleg vêr og skirenn med deltakarpremiering. Det var 11 deltakarar med stor spreing i alder. Ein kunne velje om ein ville ta skimerket, gå lagsmeisterskap på tid eller berre gå for å gjennomføre.



F.v: Nils Solheim, Erik Hope, Sølvi Hope, Erik Ommedal, Elin Karin Aa Hope, Simon Ommedal, Alfred Aa Hope, Maren Sæthen, Oline Aa Hope.

Hyttetur på Utvikfjellet

15.-17.mars var vi på Utvikfjellet og budde på Gloppen Røde Kors si hytte. Opplegget var ei vidareføring av hytteturane som speidarane har arrangert tidlegare år. Idrettslaget dekkar hytteleiga og deltakarane betalte for mat og heiskort. Det var 17 deltakarar frå 6.kl og oppover t.o.m. 3.års vidaregåande. Anne Berit Selle og Inger-Mari Akse var leiarar. Vi hadde flott vêr og hadde det kjekt både på ski og på kveldane på hytta. (Quiz, mimeleik og grip mikrofona, spel og ikkje minst snøbading). Dei fleste stod på ski i bakken, men

Fløtrevarden fekk besøk av eit par stk på langrennski. Eit fall i bakken førte til hjernerystelse og eit observasjonsdøgn på sjukehus for ein, men det blei heldigvis ingen varig mein av det. Artig med snøbading!



Jon Rolf Skamo Hope

Er den einaste som driv aktivt på ski i HIL no. Han bur på Beitostølen, så det blir enklare med trening, men går for Hyen idrettslag. Han held oss oppdaterte med lesarbrev inn i mellom, og ei kort oppsummering er at etter to tunge sesongar starta 2024 bra med 8.plass på 20 km klassisk i skandinavisk cup i Estland. NM på Beitostølen i februar gav ein 8.plass på 10 km fristil, og 21.plass på 20 km skibytte (ikkje optimale ski). Han fortel at han var fornøgd med at det var framgang sjølv om han eigentleg sikta høgare. Vidare i 2024 fekk han trena godt, men oppnådde ikkje dei store resultata då kroppen ofte kjendest «seig». Sesongstarten denne vinteren var ok, med 17.plass på 10 km skate på Gålå som det beste.

Lysløypa på Høgdene

I haust er det sendt inn søknad om spelemidlar til rehabilitering av lysløypa på Høgdene/Fullskjeggja for 2. gong. Det er vanleg at ein må søkje nokre gonger før ein kjem fram i køen.

Hyen 13. februar 2025; Anne Berit Selle

Kapittel 9 ÅRSMELDING FRÅ FRIIDRETTSGRUPPA

Friidrettssesongen start med innandørsstemne på Sandane og i Florø. Det var litt mindre deltaking frå Hyen enn vi har hatt tidlegare år, men resultata til dei som var med var svært bra.


Stafettar

Tradisjonen tru var vi på plass på terrengstafettane i både Olden og på Breim – begge plassane med eitt gutelag. I Olden vann Hyen etter ein svært spennande stafett der Hyen sprang seg opp frå andre plass, og avgjorde stafetten, på siste etappe. På laget sprang Sander Hope, Brage Oppheim Rønnekleiv, Odin Rønnekleiv Oppheim, Oskar Holme Pettersen og Alfred Aa Hope.



Premieutdeling Oldenstafetten

På Breimstafetten blei Hyen nummer to bak STIL. Dette er imponerende med omsyn til at stafetten krev 8 løparar i alderen 11-15 år. På dette laget sprang Alfred Aa Hope, Brage Oppheim Rønnekleiv, Oskar Holme Pettersen, Jonas Hope, Odin Rønnekleiv Oppheim, Gabriel Aa Berge, Sander Hope, Ingvar Ommedal Aa.



Odin vekslar til Gabriel på Breimstafetten.

Banesesongen

Trass i gode resultat på dei lokale terrengstafettane fekk vi ikkje med oss mange av løparane vidare inn i banesesongen. Brage Oppheim Rønnekleiv (G11), og Odin Rønnekleiv Oppheim (G14) var dei som deltok på stemner i aldersbestemte klassar sommaren 2024. I tillegg til lokal stemner var disse også med på Framolekene i Bergen og Tyrvinglekene i Bærum. Med svært avgrensa deltaking på dei lokale stemna er det inspirerende og viktig å reise på nokre større stemner i løpet av sesongen. Gutane frå Hyen hevda seg bra og under Framoleikene vann Brage kule, medan Odin vann 600m og blei nr. 2 i lengde. I Bærum blei det også pallplasseringar med 3. plass for Odin både i lengde og tresteg, medan Brage blei nr. 2 i kule.





Brage støtar kule under Framolekene



Brage nr. 2 i kule under Tyrvinglekene



Odin spring A-finale på 60m under Tyrvinglekene

Resultat

Beste enkeltresultat i gute- og jenteklassa hadde Odin Rønnekleiv Oppheim (G14) med 2,75 i stille lengde. Dette gav 1000 poeng etter Tyrvingtabellen.

HIL-guten i 2024 blei Brage Oppheim Rønnekleiv (G11) med 2418 poeng.

Brage:

Øving	Resultat	Poeng
60m	9,58	789
Lengde	3,76	842
Kule	7,68	787

Ingen jenter hadde hopp, løp og kast i 2024.

Treningar

Treningane i regi av friidrettsgruppa hausten og vinteren 2024/2025 er:

Måndag 17:30-19:30 → kondisjonstrening og styrke

Torsdag 16:30-18:00 → Hurtigheit og spenst

Måndag har oppmøte tidvis vore svært godt og vi trenar saman på tvers av alder og nivå.



Sprek gjeng på trening

Kapittel 10 ÅRSMELDING FRÅ Spinn-GYM-GRUPPA

Årsmelding Spinn-GYM

Gruppeleder: Ida Kristine Eikenes

Andreas Ommedal Aa

Eirik Rønnekleiv

Ida Sofie Gjesdal Straume

Anne Hjorteset (spinning)

Årsmelding HIL-GYM:

Tal medlemmer i HIL-GYM: 150 (6 ungdommer og 144 voksne)

Generelt lite å rapportere for 2024. Det har vært et år med mykje bruk av rommet. Virker som om de fleste registrerer seg i bookingsystemet, og de som ikke har registrert seg har fått muntlig beskjed om å huske å registrere seg. Det er litt utstyr som trengs og fikses på, men det er under bestilling. Vi ønsker å kjøpe inn hip-thrust maskin og en mølle eller to om de ikke kan fikses. (Begge tredemøllene står per dags dato i ustand.) Vi i HIL-Gym jobber med å lage til en prioriteringsliste over utstyr som må byttes/kjøpes inn for å gjøre treningsrommet kjekt å bruke for alle. Eirik Rønnekleiv har renholdsansvar, og tar en skikkelig vaskerunde minst en gang i veka. Vi prøver å finne en ordning for vaskerutine også i løpet av sommerferien. Vi i gruppa har vært en runde i rommet og sett på nye løsninger og vi ser på mulighet for eventuelt å ommøblere rommet litt for å få på plass nytt utstyr. Det planlegges å henge opp noen hyller/få ett bedre system på løse gjenstander som medisinalballer som tar opp unødvendig stor plass i rommet. Vi håper dette kan gjøre rommet litt mer innbydende og oversiktlig for de som bruker rommet.

Årsmelding Hyen spinning 2024



Heile 122 spinning timar var gjennomført i det lisje kjellarlokalet i 2024. Mykje sveitte pr. m2 og høg forbrenning pr m3.

Statistisk synsing gir et snitt på 4 personar+ instruktør pr trening, dvs. over 600 treningstimar gjennomført. 🌀

Det er alltid god «søge» under oppvarminga, og so stilna det litt etterkvart. Til slutt er det pålag heilt stilt, og det er berre pusten og musikken som læt i rommet .

Dei snart 20 år gamle syklane held seg bra, men reparasjonsbehovet har auka med minst 100% siste året. Eirik ser jamleg etter dei, og har også reparert ved behov. Vi ser vel at det kan bli problem med material trøytteleik etter som tida går, men håpar på eit nytt år med lite problem og mykje sykling.

Instruktørar også i 2024 var Hilde, Magni og Anne.

Kapittel 11 ÅRSMELDING FRÅ HANDBALLGRUPPA

I sesongen 24/25 har Hyen handball hatt heile tre lag som har spelt i serie/serieturnering. Talet på born i kvart kull varierer så vi har slått saman gutar og jenter til gutar 7, gutar 9 og gutar 12. I tillegg har Odin Rønnekleiv Oppheim og Ingvar Ommedal Aa spelt på Gloppen handballklubb sitt gutar 14 års lag, samt fått moglegheit til å spele kampar med gutar 16 år.

Lag, trening og kamp

Vi har hatt ei trening tysdag både for dei yngste og dei eldste i gymbygget i Hyen. Hallen er ikkje ideell med tanke på størrelse på bana, men vi har gode fasilitetar og spelarane utviklar seg både teknisk og med god speleforståing - som syner godt igjen når dei speler kamp.

Laget gutar/jenter 7 år

Spelarane på gutar 7 år er Artem, Viljar, Ola, Ingrid, Maja samt at vi har fått med ein spelar frå Breim og ein frå Bærum på kamp. I tillegg har Eirill og Jakob delteke på treningane, og vi håpar dei er klar for kamp neste sesong.



Laget har spelt fleire miniturneringar i Firdahallen haust og vinter. Lengste turen hadde dei til Sogndal i haust. Det gjenstår ei turnering 16.03. 25 på Eid idrettshus. Fin oppleving for spelarane med glimrande innsats på bana!



Laget gutar/jenter 9 år

Spelarane på gutar 9 år er Isak, Matvii, Kristina, Frida, Olav, Filip + Ola, Maja og Viljar som hjelpespelarar ved behov. Dei har spelt serieturning mot Syril (1,2, og 3) og Sandane. Dei har siste kampar 09.03 i Leikanger. Det er viktig for speleforståing og for tilbodet at vi får til deltaking på kamp. Det er kjekt å møte andre handballspelarar og oppleve meistring på bana.



Laget gutar/jenter 12 år

Gutar 12 har spelt 10 kampar i seriespel hittil, dei har 3 som gjenstår 08.03 på heimebane i Trivselshallen og 30.03 på Eid. Dei speler mot Sandane, Eid, Florø, Høyang, Askvoll/Holmedal, Jølster, Jotun og Årdalstangen. Spelarane er Ronja, Gabriel, Brage, Jonas, Oscar, Emmy, Hanna, Johan og Katharyna.





Trenarar/Lagsapparat

Vi har eit godt lagsapparat rundt spelarane med Synne Marie Oppheim, Inger Marie Akse, Evalill Ommedal Aa og Malin Rønnekleiv. Itillegg har vi praktisert at nokon av dei eldste spelarane (Ronja, Brage, Gabriel, Odin og Ingvar) deltek som veiledarar på treningane for dei yngste. Dette er fin erfaring å ta med for seinare.

Det er ein del organisering i forbindelse med handball og det er fint å vere eit godt team.

Hyen har hatt arrangøransvar for fleire kampar i Trivselshallen, og vi har ein god gjeng med engasjerte foreldre som stiller opp, dette gjeld også som tilskodarar på tribuna. Dette er viktig for å skape godt idrettsmiljø.

Dommarar

Odin og Ingvar har begge fullført dommarkurs som gjer at dei i sesongen har dømt fleire kampar for lag opptil 9 år. Det er svært viktig rekruttering for å kunne avvikle handballkampar samtidig som det gjer dei verdifull erfaring i eiga utvikling.

Sosialt

For å bygge eit godt miljø rundt spelarane på tvers av lag har vi sosiale samlingar i start av sesong, juleavslutning og i slutten av sesong.







Felles juleavslutning for begge handballgruppene

Ved handballgruppa

Inger Marie Akse, Synne Marie Oppheim og Magni Aa Berge